



ORDFØRAREN

Direkte telefonnr.:
53423010

Vår dato:
05.12.2017
Dykkar dato:

Vår referanse:
2016/147-02929961/2017
Dykkar referanse:

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
v/fylkesordførar
Postboks 7900
5020 BERGEN

UTTALE TIL FYLKESUTVALET - VG2 MARITIME FAG RVS

Bømlo kommunestyre stiller seg samrøystes bak følgjande vedtak gjort i Utval for opplæring og helse 28.11.2017:

«OPHE viser til at Vg2 maritime fag skal fortsatt være søkbart tilbud ved Rubbestadneset. Dersom det vil være nok søknad til å fylle to klasser ber utvalget om at det blir opprette to klasser også kommende skoleår»

Bømlo kommunestyre er glad for eit slikt signal frå utvalet. Rederia og den maritime industrien er viktig for Bømlo. Denne næringa har vist stor vilje til å tilby læreplassar for elevar frå maritime fag. Dette har dei også gjort i nedgangstida for denne industrien. Det er eit viktig at desse vert lytta til når ein utformar det vidaregåande fagtilbodet.

Me viser også til SURF – Skipsfartens Utdannings og Rekrutteringsforum, sin uttale om saka. SURF består mellom anna av medlemmar frå rederia Solstad Farstad, DOF, Eidesvik, Østensjø, Knutsen, Gulf og Møkster.

Dei skriv mellom anna:

«Rubbestadneset vidaregåande skule har vært en viktig bidragsyter i det å tilføre dyktige elever for læreplasser i maritim industri, primært i regionen Haugalandet. Skolen er også viktig for å sikre tilførsel av nok kandidatar til teknisk fagskole, da en vet erfaringsmessig at en del eler faller fra gjennom utdanningsløpet til det å bli offiser.»

Vidare konkluderer dei med å be om at antall elevplassar ved VG2 maritime fag vert halde oppe på nivået ein har i dag.

Bømlo kommunestyre er også glad for at fylkesrådmannen gjer framlegg om å gjera tilbodet «VG2 Industriteknikk» ved Rubbestadneset vgs søkbart i VIGO.

Det er viktig med eit godt samarbeid mellom kommune, næringsliv og den vidaregåande opplæringa. Me vonar at innstillinga frå Utval for helse og opplæring også vert vedteke i Fylkesutvalet 07.12.2017.

Med helsing
Ordføraren i Bømlo

Odd Harald Hovland

Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift